

Ein hjort som truleg er ihjelkøyrd vart tysdag kveld funnen i ein hage i sentrum i Uskedalen.

Hagen er nær krysset mellom Sandavegen og riksvegen.

Kvinnherad Ettersøkslag har ikkje fått melding om kollisjonar mellom bil og hjort i Uskedalsområdet i dei siste dagane, får uskedalen.no opplyst.

Men folk som har sett nærare på hjorten opplyser at den er tydeleg skamfert under ein samanstøyt.

Vakthavande i ettersøkslaget opplyser at det er grunneigars ansvar å få fjerna hjorten i eit slikt tilfelle, men laget kan eventuelt bistå med fjerninga.